Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kinsarvik

Emne: Skav Bygdelag: Nesstrand

Oppskr. av: Margreta Lutro Gard: Lutro

(adresse): Lofthus Hardanger G.nr. 151 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Hjelpefar

2 Mark

3 Skava, Skjev, Skov, Skave

4 Ja. Skav, attåt: får
Ein skov:

5 Raun, Osp, Ask og Aple. Alm Selja og Lind flekka ein borken av um våren, når dei svadde. Raun var best til skav. Almebarki og Seljebarki vart bundne i ei „Tusta" og hakka til Kråtirmat. „Ei boste-tusta"

6 Nei

7 Nei

8 Um var det berre Kyrene, som fekk skav um vinteren
Kyrne fekk skave som ein ekstra bite, når budeia var ferdig med skjarne.

9 Når ein gav kyrne godt
naume-skav eller naumebar
att på det andre foret, so fekk
ein både meir mjølk og
gulare smør. Hegg skav
ein aldrig

10
Um einkvar gjekk ein ikkje
tilskogs eins vund fan å
finna mark. Men den veden
som var lauva i sine haustar
„Lauvsjåli", som det kallast,
drog eller køyrde dei heim,
og skav det, som var ska-
varden. Då finarste tro.or
av bjørk og orr vart utor-
skulde til hesja-tro. og skavde
med ein handaknív. Men
det skavet vart ikkje brúka
til krötúre

11 Det er ein vane, når skogen
er „lagga", ein gong på mar-
kaskog. Då hogg ein greiner av
alm, selja og hind; bryta eller
knúskar av dei grannaste
greinene. Det kallar ein for
„Sneig" og flekkjer borki av
dei tjukkaste.

12 Den veden, som er flekt,
kallar me for „Spotak"

950

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13 Ein kallar det ikkje å marka, når ein lauvar, lyngar eller riv mose.

14 Um karfolki skulde i skogen Langfredagsmorgon, so var det ikkje for å finna Skav, men det var helst for å finna ei bjørk med Snêg, for då er skogen byrja å knoppa seg.

15 Ute på tunet saga dei marka-veden ei al lang og hogg av alle kvister. Skavingi var helst kveldsarbeid inne i stova

17 Når ein skjer huse-tro, då nyttar ein sagekrakken og brukar ein bandakniv til å skava med

18 Det var helst mot sengekanten dei brukka å stydja skavljåen, når dei skar småmarki. For å spara sengestolpen, slo dei på eitt trestykke.

19 Her var det berre til litt attpå for ein brukka skavel; difor hadde ein ikkje noko sèr innretning for det.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19 Når dei skar, sat dei på
ein låg Krakk, heldt skav.
Ljåen i hågre handi, studd
mot sengekanten. Med
einstre handi heldt dei
skavkjeppen og drog han
fram og attende under
skavljåen

20 Dem veden ein skjer
kallar me mork

21 Barken, som ein skjer
få heiter Skav.

22 Det er både tunne kjeppar
og større kubbar ein
brukar å skava. Lengdi
er som vanleg „Byved"
1 al (63 cm.)

23 Dei granne kjeppane kallar
ein Sprak, dei tjukke Kubbar

24 Skavet var best, når
det var tunt og fint og
det fylgde med lite
littsav vedlaget. Når dei
skar kubbe var dei alltid
to: Ein heldt og snudde
på kubben og den andre
skar smått og fint.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

25 Sprakki og den småklöyvde kubben bruka ein alltid til bakstved.

26 No når arbeidshjelpi er so liti og dyr, svarar det seg ikkje å samla på nokoslags hjelpefor. Difor minkar kråtuhaldet. Ein slær berre heimebøen, legg att åkrarne og dyrkar frukt istaden, og brukar mykje kunstgjødsel.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING